

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1,
v/ Silje Solberg

5293 LONEVÅG

Dato	23.10.2023
Vår referanse	2023/60285-17
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Eva Hamre
E-post	Eva.Hamre@vlfk.no
Telefon	57638066

Svar på søknad om LTU - Lokal transporttilbod for ungdom 2023 - Osterøy kommune

Viser til søknaden dykkar frå Silje Solberg den 02.10.2023.

Fylkeskommunen gjev med dette tilsegn om eit tilskot på inntil kr. 100 000 til lokale transporttilbod for ungdom i Osterøy kommune.

Vi viser til invitasjonen med krav til søkjar, tildelingskriterium og føresetnader for gjennomføring av reiser, og ei påminning spesielt om:

Vilkår knytt til tilsegn:

- Midlane skal nyttast til fleksible transporttilbod, det vil seie bestillingsruter, der oppslutnaden er avgjerande for om ruta går.
- Reisene skal vere opne for alle i målgruppa.
- Reisene skal i hovudsak gå på ettermiddag og kveld på kvardagar. Reiser på andre tidspunkt må vere gjort greie for i søknaden, og godkjent ved tilsegn om tilskot.
- Reisene skal gå til/frå nærområda i kommunen. Hovudregelen er at reisene skal gå i Vestland. Minner også om at midlane ikkje skal nyttast på turar som inneber overnatting.
- Transporttenester kan berre kjøpast frå dei som har godkjent løyve for persontransport.
- Skyssen må ikkje leggje seg i direkte konkurranse med det ordinære kollektivtilbodet. Det er forventa at ein når det er mogleg, nyttar seg av allereie eksisterande ruter.
- Det skal etablerast ei prosjektgruppe med ungdomsrepresentasjon som har ansvar for å organisere skyssen. Gruppa skal sjå om det er mogeleg å få inn midlar også frå andre (t.d. kommunen eller frivillige organisasjonar). Vidare må prosjektgruppa bestemme kva brukarane skal betale for skyssen, og ta ansvar for at skystilbodet held seg innanfor dei midlane ein har til rådvelde.
- Tilbodet skal ha eigendel pr tur.
- Kommunen får utbetalt tilskotet og er «bank» for prosjektet.

Utbetaling av midlane

Ved tildeling av midlar kan kommunen be om å få utbetalt halvparten av midlane på førehand.

Resterande midlar vert eventuelt utbetalt når sluttrapport er levert. Det vert berre betalt ut midlar ut frå faktisk bruk.

Prosjektmidlar som står att frå året før skal nyttast som «eigenkapital» i finansiering av ordninga i året etter.

Prosjektrapport, inkl. rekneskap

Søkjjar skal levere prosjektrapport til fylkeskommunen. Prosjektrapporten skal kort gjere greie for:

- Korleis transporttilboda er gjennomført.
- Kven i målgruppa som har nytta transporttilboda.
- Korleis transporttilboda er gjort kjent.

Dersom nokre av tiltaka ikkje er gjennomførte, eller midlane er omprioriterte, skal rapporten gjere kort greie for dette.

Kommunen skal elles rapportere på skjema (sjå vedlegg), der det blant anna skal gå fram kor mange reisande det har vore per tiltak, og sum reisande totalt i 2023. Rapporten skal også innehalde prosjektrekneskap etter mal. Kommunen må også levere oppsett på tildelte midlar mot rekneskap for dei to føregåande åra. *Sjå invitasjon for detaljar og rettleiing.*

Vi gjer merksam på at kommunane innan gitt frist må levere prosjektrapport for å få tildelt resterande midlar som det vert gitt tilsegn om. Vi oppmodar difor kommunane om å fylle ut rapporteringsskjemaet gjennom året.

Frist for rapportering er 18. desember 2023. Denne fristen må overhaldast, elles kan fylkeskommunen halde tilbake tildelte midlar.

Oppmoding om utbetaling skal sendast:

Vestland fylkeskommune
v/ Eva Hamre
Askedalen 2
6863 Leikanger

eller e-post:
eva.hamre@vlfk.no

Med helsing

Eva Hamre
seniorrådgjevar
MOK - Stab og forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

